

- KUNNGJERING -

Søknad om løyve til å bygge Stavåna minikraftverk i Fjord kommune

NVE har motteke søknad frå Tafjord Kraftproduksjon AS om løyve til å bygge Stavåna minikraftverk i Fjord kommune. Søknaden vert behandla etter reglane i kapittel 3 og 5 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8 i same lov.

Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn på NVE sine nettsider www.nve.no/konsesjonssaker fram til høyringsfristen går ut. Dersom du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med Martin Holmeset på tlf. 92 25 23 98 eller e-post: martin.holmeset@tafjord.no.

Alle som har ei meining om saka, kan sende ein uttale på éin av følgjande måtar:

- via skjema for uttalar, som de finn på nettsidene våre
- via e-post til uttalelse@nve.no (merk e-post med «Høyringsuttale» og saksnummer 202205293 i emnefeltet, og skriv namn og organisasjonsnummer i innleiinga viss du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

Frist for uttale er innan **25.8.2023**.